



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår dato:

02.02.2023

Vår ref:

2023/1904

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjørn Harald Haugsvær, 5764 3071

## Landbruksoppgåver i kommunane 2023 . forventningar, fullmakter og tiltaksmidlar

Statsforvaltaren vil med dette orientere kommunen om:

- Kommunen si rolle som landbruksstyresmakt
- Statsforvaltaren som kompetansesenter på landbruksområdet
- Delegert statleg mynde på landbruksområdet
- Forvaltning av tilskotsordningar med kommunal ramme
- Økonomisk ramme 2023 for tilskot som kommunen forvaltar
- Oppfølging og kontroll for å sikre rett tilskotforvaltning
- Rapportering

Kommunen sine oppgåver på landbruksområdet er både omfattande og viktige. Difor er også dette brevet tilsvarende langt. Vi gir her ei mest mogleg samla oversikt med tilvising til kvar ein finn regelverk og trur dette også vert til hjelp i den kommunale forvaltninga.

### 1. Kommunen som landbruksstyresmakt

Kommunane er landbruksstyresmakt på ei rekke oppgåver innan jordbruk, skogbruk og hagebruk med tilhøyrande næringar, samla kalla landbruk. Dette omfattar forvaltningsoppgåver der kommunane med heimel i lov og forskrift er førsteinstans for vedtak og førebuing av saker som skal avgjerast av andre organ på høgare nivå. Dette er også oppgåver som kommunen har som planstyresmakt, og utviklings- oppgåver som delvis er lovheimla og delvis ligg til den generelle utviklingsrolla som kommunen har.

Utviklingsrolla er i liten grad pålagd gjennom lover og regelverk, men er desto viktigare for å bidra til ei positiv utvikling i landbruket og for bygdene. Vi har erfaring med at kommunar som arbeider aktivt med utvikling får ein større del av ulike utviklingsmidlar for landbruket, til dømes gjennom god informasjon, offensivt motivasjonsarbeid og rettleiing.



## **2. Statsforvaltaren som kompetancesenter på forvaltning og næringsutvikling**

Landbruksavdelinga hos Statsforvaltaren skal vere eit kompetancesenter innan landbruksforvaltning og landbruksrelatert mobilisering og næringsutvikling . Vi oppmodar kommunane om å ta kontakt og bruke vår kompetanse til beste for heile Vestland. Vi kan til dømes bidra med råd og rettleiing, deltaking og organisering av møte og deltaking i utviklingsprosessar. [Oversikten over tilsette og fagområde](#) er lagt ut på nettsida vår.

Vestland fylkeskommune tok frå 2020 over ansvaret for utviklingsmidlar til utgreiing og tilrettelegging. Dette vert no forvalta gjennom [www.regionalforvaltning.no](http://www.regionalforvaltning.no). Samstundes er Statsforvaltaren si rolle som kompetancesenter for landbruksforvaltning og utvikling styrka. Med bakgrunn i Vestland fylke sin nye [Temaplan](#) for landbruk vil vi medverke til næringsutvikling i samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Noreg. Rolla som forvaltnings- og kontrollorgan gir oss god innsikt og kontakt med landbruksnæringa både regionalt og nasjonalt. Dette er ein viktig kunnskapsbase for næringsutvikling.

## **3. Delegert statleg mynde på landbruksområdet**

Kommunen forvaltar økonomiske verkemiddel på vegner av staten på landbruksområdet. Forvaltninga av desse midlane er difor underlagt reglar for statlege midlar. Statleg tilskotsforvaltning er regulert gjennom [Økonomireglementet for staten](#) (§ 2 b og c) og underlagt statleg styringsrett. Difor har ikkje kommunen det same sjølvstendige mynde eller lokalpolitisk skjønn som det kommunen elles har. Kommunen må forvalte tilskotsordningane i samsvar med krava i regelverket for kvar enkelt ordning slik det kjem fram i forskrift, rundskriv og rettleiarar fra landbruksstyresmaktene.

Landbruks- og matdepartementet har instruksjonsmynde for korleis dei statlege midlane skal forvaltast. I dette ligg også ein rett til å kontrollere at oppgåvene og mynde er utført slik det er føresett. For mange av forvalningsoppgåvene på landbruksområdet er mynde delt mellom Landbruksdirektoratet, statsforvaltar og kommune. Statsforvaltaren i Vestland har eit særleg ansvar for å rettleie og føre kontroll med forvaltninga som er delegert til kommunane i vårt fylke.

## **4. Forvalting av tilskotsordningar med kommunal ramme**

Kommunen forvaltar desse statlege ordningane med tildeling av eigne midlar:

- Tilskot til skogsvegar
- Tilskot til skogsdrift i vanskeleg terren
- Tilskot til skogkultur m.m. (NMSK)
- Tilskot til tiltak i utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) og verdsarvområda
- Tilskot til tiltak i beiteområde
- Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)
- Tilskot til drenering av jordbruksjord

Felles for desse ordningane er at kommunen får tildelt ei tilskotsramme ut frå innmeldt behov, objektive grunnlag og pårekneleg aktivitet. Tilskotsrammene kjem fram av eige vedlegg til dette brevet.



Ordningane vert forvalta gjennom fagsystema Agros og ØKS. Dersom det er endringar i kven som skal ha tilgang i fagsystema må de gje melding om dette på e-post til [fmvlandbruk@statsforvalteren.no](mailto:fmvlandbruk@statsforvalteren.no). Dette gjeld også når personar ikkje lenger skal ha tilgang.

Gjennom fagsystemet Agros har kommunen både rolle som sakhandsamar og rolla for godkjenning av utbetaling. For ordningane i ØKS legg kommunen inn løyingane, men det er Statsforvaltaren som godkjenner for utbetaling.

## 5. Lokalt handlingsrom gjennom kommunale retningslinjer

Kommunen har eit stort lokalt handlingsrom i forvaltning av SMIL-midlar, Tilskot til tiltak i beiteområde og NMSK. Dette krev at kommunen har eigne retningslinjer eller strategidokument. Vi forventar at alle kommunane no har fått på plass eigne retningslinjer, og at dei vert revidert med jamne mellomrom.

Dei kommunale retningslinjene skal ta omsyn til lokale forhold, og ved utarbeidingsa bør det vere ein god prosess med innspel frå næringa og Statsforvaltaren. Dette kan med fordel vere ein felles prosess med felles retningslinjer for alle tre ordningane. Retningslinjene bør utformast slik at kommunen kan nytte dei som grunnlag for sine prioriteringar i sakshandsaminga, og slik at tildelingane kan kontrollerast. Vi viser også til vår rettleiing til kommunane for utarbeiding av overordna retningslinjer. Vi vil be om å få tilsendt retningslinjer for desse tre ordningane frå alle kommunane i 2023.

## 6. Rettleiande satsar for eigeninnsats

Vi har samrådd oss med Innovasjon Norge og rår til at kommunen nyttar desse satsane når de godkjenner kostnadsoverslag for eige arbeid som grunnlag for tilskot i ulike ordningar:

- Manuelt utført eige arbeid (inkl. motorsag o.l.): 350 kr/time
- Bruk av eigen traktor/gravemaskin: 800 kr/time

## 7. Oppgåver i kommunen – forvalting av statlege tilskot i jordbruket

Her er ei opplisting av kommunale landbruksoppgåver. Lista er ikkje fullstendig då det er ein del mindre oppgåver som kan kome i tillegg. Det er dessutan opp til kommunen kor mykje ein vil gjere utover desse minimumsforventningane.

### 7.1 Forvaltning av produksjonstilskot i jordbruket

Kommunen har ansvar som førsteinstans for produksjonstilskot og avløysartilskot til jordbruksføretak. Dette er ei omfattande oppgåve med store utbetalingar og eit detaljert nasjonalt regelverk. Kommunen handsamar søknadene gjennom det elektroniske fagsystemet [eStil PT](#). Som ein del av dette arbeidet skal kommunen også føre kontroll med at søknadene er korrekte og at søkerane oppfyller vilkåra for tilskot. [Nasjonalt vert dette følgd opp av Landbruksdirektoratet](#).

### 7.2 Forvaltning av regionale miljøtilskot i jordbruket (RMP)

Kommunen er førsteinstans i forvaltning av Regionale miljøtilskot (RMP) der dei regionale miljøtilskota er hovudverkemiddelet. [Programmet for Vestland](#) skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilde verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og



skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff fra jordbruket skal bli redusert. Dei regionale miljøtilskota vert forvalta gjennom fagsystemet [eStil](#).

### 7.3 Avløysing ved sjukdom

Kommunen er førsteinstans i handsaming av [Tilskot til avløysing under sjukdom og fødsel m.v.](#)

Ordninga skal bidra til å dekke utgifter til avløysing når bonden ikkje kan delta i gardsdrifta på grunn av sjukdom, graviditet, fødselspermisjon eller sjukt barn. Kommunen fattar vedtak og betalar ut via fagsystemet Agros. Vi gjev med dette kommune fullmakt til å betale ut tilskot gjennom fagsystemet [Agros](#).

### 7.4 Tidlegpensjon for jordbrukarar

Ordning med [tidlegpensjon for jordbrukarar](#) gjeld for jordbrukarar som har fylt 62 år. Søknaden skal sendast direkte til Statsforvaltaren som fattar avgjerd. Kommunen bør ha kunnskap om ordninga slik at de kan gje informasjon til aktuelle søkerarar.

### 7.5 Tilskot ved produksjonssvikt - klimabetinga skader på avlingar

Kommunen mottek søknadene om [Tilskot ved produksjonssvikt på grunn av klimatiske årsaker](#), kontrollerer opplysningane og sender sakene vidare til Statsforvaltaren for avgjerd. Dette er ei oppgåve som varierer mykje frå år til år, men det er viktig at kommunen har nok kapasitet til å handsame denne ordninga når det oppstår klimabetinga skade.

### 7.6 Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Kommunen forvaltar SMIL-ordninga etter [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#), nasjonale føringar og kommunale retningslinjer. Formålet med ordninga er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet og redusere forureining frå jordbruksdrifta ut over det som er venta av vanleg jordbruksdrift. Ordninga blir forvalta gjennom fagsystemet Agros.

Forskrifta § 8, seier at kommunen skal fastsetje overordna retningslinjer for prioritering av søknadar. Sjå meir om dette i punkt 5.

Prioriteringar for 2023

Miljø- og klimasatsinga over jordbruksavtalen skal medverke til å ivareta kulturlandskapet og redusere miljøbelastninga frå landbruket. I fleire vassførekomstar er det behov for tiltak for å redusere avrenning og risiko for avrenning frå jordbruksdrifta. Det er viktig at kommunen tek tak i desse utfordringane av omsyn til vasskvalitet, klimatilpassing og ressursbevaring. Der behova er store bør kommunane prioritere klimatilpassing, herunder hydrotekniske tiltak.

Vi minner om at tilskot til tak over eksisterande gjødsellager er gode miljøtiltak som medverkar til redusert ammoniakkutslepp til luft. Som tilleggseffekt vil slike tiltak auke lagerkapasiteten slik at husdyrgjødsla kan bli spreidd til rett tid i vekstsesongen, og medverke til redusert fare for avrenning til vatn.

I neste revisjon av dei kommunale overordna retningslinjene vil vi oppmode kommunar som ikkje allereie har gjort dette om å ta inn desse tiltaksgruppene som prioriterte tiltak. Vi ønskjer òg at kommunane gjer søkerane særskilt merksame på at dei kan søkje om tilskot til slike tiltak. Vi minner samstundes om vår [nettsak](#) på dette temaet.

Vi ber òg kommunane om å vektlegge tiltak for ville pollinerande insekt og truga natur.



## Økonomisk ramme

Kommunen får tildelt ei økonomisk ramme frå Statsforvaltaren til lokal forvaltning (sjå tabell).

Vestland har ei ramme på til saman 15 mill. kroner til SMIL i 2023. Med unntak av ein mindre pott til særskilte saker og klager har vi fordelt heile denne ramma til kommunane.

Ramma til kvar kommune er rekna ut med utgangspunkt i dekar jordbruksareal i drift, tal sokjarar på produksjonstilskot og miljøverdiar i kommunane. Rammene er i tillegg justert i tråd med innmeldte behov, tidlegare års forbruk og prioriteringar i lokale retningslinjer.

Midlar som kommunen dreg inn i løpet av året vert lagt til kommunen si ramme slik at kommunen kan disponere dei på nytt fram til fagsystemet Agros stenger i midten av desember. Ved årsskiftet vil ubrukta midlar hos kommunane bli trekt tilbake til Statsforvaltaren si ramme.

Vi vil gjennomføre ei omfordeling av midlar mellom kommunar mot slutten av året dersom vi ser at midlane ikkje vert brukte i enkelte kommunar, medan andre har for lite midlar til å dekke gode søknader. Omfordelinga vil finne stad i dialog med dei aktuelle kommunane og etter rapportering for ordninga 1. november.

[De finn meir om SMIL-ordninga hos Landbruksdirektoratet.](#) Frist for rapportering er 1. november. Sjå punkt 16.

## 7.7 Tilskot til drenering av jordbruksjord

Kommunen forvaltar ordninga ut frå [forskrift om tilskudd til drenering av jordbruksjord](#) og tilhøyrande kommentarar til forskrifta. Formålet med ordninga er å auke kvaliteten på tidlegare grøfta jordbruksjord med potensiale for auka jordbruksproduksjon, redusert fare for erosjon og redusert overflateavrenning av næringstoff til vassdrag. Ordninga blir forvalta gjennom fagsystemet Agros.

Vestland har ei ramme på 6,9 mill. kroner i 2023. Ramma til kvar kommune er rekna ut med utgangspunkt i innmeldte behov og jordbruksareal i drift med vekt på korn, potet og grønsaksareal. Statsforvaltaren har helde att noko av ramma til særskilde saker og til forløpende tildeling til kommunar som melder inn behov på e-post [fmvlpost@statsforvalteren.no](mailto:fmvlpost@statsforvalteren.no). Det skal vere låg terskel for å melde inn auka behov grunna konkrete søknader. Kommunane kan såleis rekne med å få forløpende ekstra ramme i samsvar med behovet.

Midlar som kommunen dreg inn i løpet av året vert lagt til kommunen si ramme slik at kommunen kan disponere dei på nytt fram til søknadssystemet Agros stenger i midten av desember. Ved årsskiftet vil ubrukta midlar hos kommunane bli trekt tilbake til Statsforvaltaren si ramme. Mot slutten av året vil vi også i dreneringsordninga be om rapportar frå kommunane og gjere ei omfordeling av midlar mellom kommunar ved behov.

[De finn meir informasjon om tilskot til drenering hos Landbruksdirektoratet.](#) Frist for rapportering er 1. november. Sjå punkt 16.

## 7.8 Tilskot til tiltak i beiteområde

Denne ordninga vart overført til kommunane i 2020. Formålet med ordninga er å legget til rette for best mogleg utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda. Ordninga skal bidra til god beitebruk gjennom infrastrukturtiltak i utmark. Kommunen har ansvar for å kunngjere tilskotsordninga, fastsetje søknadsfrist, handsame søknader og betale ut tilskot gjennom fagsystemet Agros.



Det er fleire tilskotsordningar som skal fremme beiting og bruk av utmarka: støtte per beitedyr gjennom produksjonstilskot, driftstilskot til beitelaga gjennom organisert beitebruk (RMP) og investeringsstøtte til tiltak i beiteområde. I tillegg har Statsforvaltaren midlar for tiltak i beiteområde som har konflikt med freda rovvilt (FKT-midlar). Det er viktig at kommunen bidreg aktiv med kunnskap i område med freda rovvilt og at kommunen også vurderer bruk av interkommunale jaktagjengar som etter løyye kan ta på seg felling.

For dei beitelaga som beiter i CWD-området er det ei eiga ordning med midlar for ekstraordinære tiltak knytt til soneforskrifta. Denne gjeld for Nordfjella og Hardangervidda, og midlane vert forvalta av Statsforvaltaren i Oslo og Viken i samarbeid med oss.

For beitelag som har tap til freda rovvilt kan det vere aktuelt å [søke om FKT-midlar](#), til dømes til elektroniske bjøller. Søknadsfristen er 15. februar.

#### Lokal retningslinjer for tilskot til tiltak i beiteområde

I rundskrivet frå Landbruksdirektoratet står det at kommunane skal fastsetje lokale retningslinjer, og at ein gjerne kan sjå desse i samanheng med retningslinjene for SMIL.

Det er viktig å få lyst ut midlane i god tid før beitesesongen, og vi rår til å bruke søknadsfrist 1. mars. Beitelaga bør få svar på søknaden før 1. juni slik at tiltaka kjem til nytte i årets beitesesong. Frå 2020 har driftstilskotet gjennom RMP til beitelaga auka, og beitelaga kan difor sjølv ta ansvar for mindre tiltak. Vi rår til at de prioriterer investeringar i faste installasjonar, teknologi knytt til beitebruk og beitebruksplan. Mindre tiltak og lett omsettelege varer bør ikkje støttast.

Døme på aktuelle tiltak er:

- Sanke- og skiljeanlegg
- Bruer dimensjonert for dyr og folk
- Sperregjerde for å sikre at dyr ikkje kjem inn i farleg område
- Gjetarhytter/sankehytter
- Elektronisk overvakningsutstyr
- Beitebruksplan

Hugs å be om naudsynte vedlegg til søknaden slik som kart og aktuelle avtalar.

#### Beitebruksplanar

Slike planar er eit godt verktøy for å dokumentere verdien av utmarksbeite og styrke beitenæringa sine interesser i den langsiktige planlegginga i kommunen. Vi ynskjer at kommunen lagar beitebruksplanar for område som de ser på som spesielt viktige for beitebruken. Dette kan med fordel gjerast i samarbeid mellom kommunen, beitelaga og Nibio. I Vestland har Nibio utført vegetasjonskartlegging i nokre referanseområde, og det kan kartleggast nye område som grunnlag for ein beitebruksplan.

#### Økonomisk ramme

Årets ramme per kommune er rekna ut frå tal dyr på utmarksbeite i 2022 (OBB), årsrapportar frå kommunane med innmeldte behov, føringar frå Landbruksdirektoratet og kommunar med god gjennomføringsevne. Vestland har ei totalramme på 3,44 mill. kroner i 2023, og heile ramma er no fordelt. I løpet av året kan Statsforvaltaren omfordеле midlar mellom kommunar om det er behov og rom for det.



Midlar som i løpet av året vert inndregne vert lagt til kommunen si ramme slik at kommunen kan disponere dei på nytt fram til søknadssystemet Agros stengjer i midten av desember. Ved årsskiftet vil ubrukte midlar hos kommunane bli trekt tilbake til Statsforvaltaren.

[De finn meir om ordninga hos Landbruksdirektoratet.](#) Rapportering innan 1. november. Sjå punkt 16.

### **7.9 Utvalde kulturlandskap i jordbruket og verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap**

Ordninga gjeld for dei sju utvalde kulturlandskapa Gjuvslandslia, Havrå, Ullensvang, Lærdal, Grinde og Engjasete, Ormelid og Stadlandet og for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden. Dei sju kommunane med utvalde kulturlandskap (UKL) og verdsarvkommunane forvaltar ordninga på bakgrunn av [forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyan og Vestnorsk fjordlandskap](#) og planar for områda. Formålet med tilskot til tiltak i verdsarvområda er å styrke landbruket i verdsarvområda. Formålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å sikre verdiar knytt til landskap, biologisk mangfold, kulturminne og kulturmiljø, medrekna langsiktig skjøtsel og drift. Ordninga blir forvalta gjennom fagsystemet Agros.

#### Økonomisk ramme - utvalde kulturlandskap i jordbruket

Dei aktuelle kommunane får tildelt ei økonomisk ramme frå Statsforvaltaren til forvaltning av UKL-områda (sjå tabell). Ordninga er i år redusert med 3 mill. kroner, som betyr at alle fylka har fått reduserte rammer. Vestland har ei totalramme på 3,7 mill. kroner i kroner i 2023. Av denne ramma har vi sett av i overkant av 80 000 kroner til eit felles fagleg arrangement for alle UKL-områda i fylket.

Ramma til kvart område er rekna ut på grunnlag av dialog med kommunane i samband med årsrapporteringa i november 2022, og vurderingar av følgjande moment:

- gjennomføringsevne, framdrift og oppnådde resultat i områda
- arealet på områda, omfanget av tiltak og tal eigalar/drivarar
- variasjonar i behova frå år til år
- omsynet til føreseieleg økonomi og kontinuitet
- planar i områda
- innmeldte behov frå dei aktuelle kommunane

Vi vil følgje med på forbruket av midlar i kommunane gjennom året for å sikre at forvaltninga av midlane fremjar aktivitet. I dialog med kommunane kan vi, i løpet av året, omfordеле udisponerte midlar mellom kommunane.

#### Økonomisk ramme - verdsarv

Statsforvaltaren har fått tildelt 3 mill. kroner i ramme til Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden frå LMD. Medrekna midlar som er inndregne er ramma for 2023 på totalt 3 022 760 kroner. Vi reknar med at vi seinare i år vil kunne overføre midlar til verdsarvordninga frå Klima- og miljødepartementet, slik vi har gjort tidlegare år.

I tråd med tildelingsbrevet frå departementet skal Statsforvaltaren sikre ei aktivitetsfremjande forvaltning av verdsarvmidlane, og kan i samarbeid med Landbruksdirektoratet omfordеле udisponerte midlar mellom delområda i verdsarvområdet (Nærøyfjorden og Geirangerfjorden) i løpet av året, ved behov. Ei slik omfordeling vil gå føre seg i dialog med Statsforvaltaren i Møre og



Romsdal og dei to verdsarvkommunane Stranda og Fjord, og i tråd med felles retningslinjer for omfordeling av verdsarvmidlar.

### **7.10 Autorisasjonsbevis for bruk av plantevernmiddel og gnagarmiddel.**

For å kunne bruke plantevernmiddel og gnagarmiddel må brukar ha gjennomført kurs med bestått eksamen. Det er eitt kurs for kvar ordning med kvar sin eksamen. Her er det ei ansvarsdeling mellom kommunen, Statsforvaltaren og eksterne kurshaldarar (NLR Vest og VGS Naturbruk). Dei som får autorisasjon skal registrerast i ein nasjonal base og får utskrive bevis frå Mattilsynet. Arbeidsmengda med dette varierer frå år til år alt etter kor mange som må ha nytt bevis.

Nokre kommunar vert kontakta for å halde eksamen. Kommunar som held eksamen kan få godt gjort kr 65 per deltakar på planteverneksamen og kr 75 per deltakar på gnagarmiddeleksamen. Kommunen må sjølv sende rekning for dette til Statsforvaltaren i Vestland innan 1. desember.

Meir informasjon:

- [Instruks til kommune og statsforvalter om utøvelse av delegert myndighet etter plantevernmiddelforskriften](#)
- [Dokument for kommunane](#)
- [Info på nettsida vår](#)

### **7.11 Arbeid med vasskvalitet, vassrammedirektivet m.m.**

Arbeidet med vasskvalitet er delt mellom kommunen, fylkeskommunen og Statsforvaltaren. Kommunen er lokal ureiningsstyretemakt, og på landbruksområdet skal kommunen sjekke om regelverket for til dømes silopressaft og husdyrgjødsel vert etterlevd. I arbeidet med oppfølging av vassrammedirektivet må dette arbeidet utvidast til også å sjå på belastninga frå andre ureiningskjelder, til dømes punktutslepp av hushaldningskloakk i spreiddbygde område. For å sikre god vasskvalitet, rår vi til at kommunen ikkje lagar lokale forskrifter med generell utsett spreiefrist for husdyrgjødsel.

Mange stader er det trøng for auka innsats mot forureining frå jordbruk for å nå målet om god tilstand i alle landbrukspåverka vassførekommstar. I område der tiltaka ikkje har vore tilstrekkeleg, må kommunen innføre meir forpliktande krav. Etter [forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav](#) har kommunen heimel til å stille meir restriktive eller lempelge krav til spreietidspunkt for husdyrgjødsel ut frå situasjonen lokalt. Kommunen kan då stille meir restriktive krav til spreieareal- og spreiemengde. Fleire kommunar har lokale forskrifter som gir utvida tidsfrist for spreieing utan nedmolding om hausten. Det er ikkje høve til å setje strammare frist for haustspreieing med nedmolding enn 1. september.

De finn meir informasjon om arbeidet med vasskvalitet i [vassforvaltingsplanar i Vestland vassregion](#).

### **7.12 Veterinære tenester**

Kommunen skal i følgje dyrehelsepersonellova sørge for tilfredsstillande tilgang på veterinære tenester, inkludert veterinærvakт utanom vanleg arbeidstid. Dette er ei ordning der vaktdistrikta (vanlegvis fleire kommunar) får eit årleg tilskot til vakt utanom arbeidstid og eit mindre administrasjonstilskot for å organisere dette. Dette vert betalt ut til vertskommunen.

I tillegg kan kommunar søkje om stimuleringstilskot som skal medverke til stabil tilgang på veterinærtenester på dagtid. Nokre kommunar nyttar også eigne midlar inn i dei veterinære tenestene. Det må påreknaast ein viss administrasjon for å sikre desse tenestene. For tilskotsåra 2021



og 2022 er det innført ei prøveordning for stimuleringstilskotet til kommunar. Denne ordninga vert vidareført i tilskotsåret 2023, slik at kommunar som har utfordringar med å få nok veterinærar til å delta i klinisk veterinærkårt, kan også for 2023, stille krav om vaktdektaking for at veterinærane skal få stimuleringstilskot.

Frist for å søkje statsforvaltarane om midlar er 17. februar. De skal samstundes rapportere om bruken av midlar førre år. Detaljar om ordninga er sendt i eige brev til kommunane. De finn meir om dette [på nettsida vår](#).

## 8. Skogbruksoppgåver i kommunen

Kommunen er skogbruksstyremakt etter skogbrukslova med tilhøyrande forskrifter og har ei rekke oppgåver på skogområdet. Føremålet med skogbrukslova er å fremme ei berekraftig forvaltning av skogressursane i landet med sikte på aktiv lokal og nasjonal verdiskaping, og å sikre det biologiske mangfaldet, omsyn til landskapet, friluftslivet og kulturverdiane i skogen.

Her nemner vi nokre av oppgåvene:

- Vere ein pådrivar og jobbe aktivt for næringsutvikling i skogbruket ved å motivere og følgje opp skogkulturtiltak, bygging av skogsvegar, drift i vanskeleg terren, bruk av skogfond, lokal vidareforedling, nabosamarbeid og andre emne som bidreg til verdiskaping i skogbruket.
- Forvalte tilskot til nærings- og miljøtilskot i skogbruket (NMSK), som omfattar tilskot til skogkultur, skjøtsel og kvalitetstiltak, miljøtilskot samt tilskot til skogsvegar og drift i vanskeleg terren. Statsforvaltaren fordeler ei årleg tilskotsramme til kommunane.
- Kommunane må fortløpende kartleggje behovet for nye skogsvegar og ombygging av gamle vegar. Dei skal vere initiativtakar til skogsvegsamarbeid og informere skogeigarane om lønsemda i å byggje felles veganlegg samt dei gunstige finansieringsordningane (tilskot og skogfond). Kommunen får tildelt ei tilskotsramme tilpassa det behovet dei melder inn i november året før.
- Tilstok til drift i vanskeleg terren vert fordelt etter behov, og i prinsippet er det fri ramme inntil midlane er brukt opp.
- Kontrollere forynging av skogen etter hogst (NMSK-kontroll, foryngingskontroll og resultatkartlegging). Dette er den viktigaste miljøoppgåva i skogbruket både med tanke på skogen si rolle med å binde karbon og som framtidig skogressurs.
- Kommunane må legge vekt på og synleggjere skogen sitt verdiskapingspotensiale. Kommunen kan gjere det tydeleg ved å initiere og ta del i skogdagar og andre fagarrangement, både retta mot skogeigarar og ålmenta.
- Forvalte og informere om skogfondordninga. Gje løpande råd til einskilde skogeigarar med bakgrunn i inneståande beløp, udekka investeringar og hogstaktivitet. Aktiv bruk av skogfond gjev økonomisk utteljing for skogeigarane.
- Kontrollere at tiltak i skogen er i samsvar med regelverket, og bidra til å overvake tilstanden i skogen.
- Bidra med kunnskap om skogen i forhold til andre samfunnsinteresser og oppgåver, skogen si rolle i klimapolitikken, skogen si rolle som vern mot naturskade og skogen sin verdi for friluftsliv, viltforvaltning m.m.
- Kommunen vert oppmoda om å lage ein oversikt med dei mest verdfulle skogbruksområda i kommunen (kjerneområde skogbruk). Sjå [døme](#) på Fylkesatlas! Karta er laga med utgangspunkt i dei kommunale tiltaksplanane for skogbruk. Slik er det mogleg å synleggjere




skogen si samfunnsrolle (nærings, i plansamanheng og arealbruksspørsmål, klima, naturskade, friluftsliv, viltforvaltning).

- Vi oppmodar også kommunane til å gå gjennom og oppdatere hovudplanane for skogsvegar.

Vi har tidlegare oppmoda kommunane om å auke satsen på tilskot til skogsdrift med taubane til kr 240,- per m<sup>3</sup> (pluss eventuelt tillegg for framkøyring med lastetraktor). 30 % av grana i Vestland må drivast med taubane og vi ser det difor som ei viktig oppgåve å styrke økonomien til taubanedriverane i Norge. Det er store økonomiske utfordringar i bransjen, både når det gjeld mangel på kvalifisert arbeidskraft og på den generelle kostnadssida. Vi har difor halde att eit relativt stort beløp berekna på tilskot til taubanedrift i år.

I tillegg held vi att midlar til overordna skogsvegplanlegging (områdeplanlegging/transportplanlegging). Slik planlegging vert utført av Skogselskapet i Sogn og Fjordane og Fanagro. Dette skal vere gratis for skogeigarane.

Vi har brukt kommunane sine prioriterte ønskje og sett på historisk fordeling av midlar når vi fordelte skogsvegmidlane i år, sjå figur 1 og eige vedlegg for tildeling av midlar.



Figur 1: Fordeling av midlar per kommune til skogsveg i Vestland i sum for åra 1990-2022, i sum for åra 2019-2022 og årets tildeling for 2023.

## 9. Landbruksrelatert nærings- og bygdeutvikling

Det er store variasjonar i kommunane sine ambisjonar på landbruksområdet. Dette er m.a. avhengig av kommunen sine eigne politiske ambisjonar og vedtak. Kommunen avgjer i stor grad sjølv kor aktive dei vil vere, men det er eit minstekrav at kommunen handsamar søknader og spørsmål innan næringsutvikling. Vi viser her til [forskrift for kommunens saksbehandling av søkerad til Innovasjon Norge](#).



Kommunen sin innsats kan utgjere ein stor skilnad lokalt. Vi oppmodar kommunen om å ta initiativ til samhandling lokalt t.d. gjennom årlege møte med faglaga, opne fagmøte eller at det vert søkt om prosjektmidlar frå [fylkeskommunen](#). Utfordringar både innan landbruk, landbruksrelaterte næringer og klima krev samhandling, og her har kommunen eit ansvar. Statsforvaltaren er open for å kunne medverke på slike møte eller initiativ.

## **10. Forvaltning av regelverket for fast eigedom**

Kommunane skal fatte vedtak etter jord- og konsesjonslova. Det gjeld til dømes saker om deling av landbrukseigedom, omdisponering av dyrka jord, driveplikt, konsesjon for kjøp av fast eigedom, buplikt

m.m. Dette er saker som ofte er innom politiske handsaming i kommunen, avhengig av kommunens delegeringsreglementet.

Kravet om [driveplikt](#) for jordbruksareal gjeld for alle som eig ein landbrukseigedom, og for heile eigartida. Dersom andre skal drive eigedommen er eigar ansvarleg for å få på plass ein skriftleg avtale på minst 10 år. Kommunen skal ha kopi av avtalen og kontrollere at den oppfyller krava i lova. I 2023 vil vi arbeide vidare med å gje kommunane lister over areal som truleg er ute av drift, og malar for varselbrev og pålegg. Vi tilbyr fagleg hjelp på dette fagområdet og forventar at kommunane set av ressursar til oppfølging.

## **11. Forskrift for godkjenning av landbruksvegar, dyrking og planering**

Det finst eigne forskrifter med heimel i jordlova og skogbrukslova for bygging av landbruksvegar (oftast skogsvegar), for nydyrkning og for bakkeplanering (forurensingslova). Dei viktigaste omsynet i desse forskriftene er å vege landbruksinteressene mot andre viktige samfunnsinteresser, til dømes natur, kulturlandskap og forureining. Det er også krav om at tiltaket skal gjennomførast på ein landbruksfagleg god måte. Til desse avvegingane trengst det landbruksfagleg og skogfagleg kunnskap. Vi viser til ordninga med fylkesdekkane skogsvegplanleggarar som skal vere tilgjengelege for alle.

Statsforvaltaren skal ha høve til å uttale seg i saker som gjeld bilvegar og kommunen skal sende desse på høyring til oss. Også traktorvegar kan sendast på høyring til oss dersom kommunen ynskjer fråsregn frå oss før dei fattar vedtak. Vi har ei eiga [temaside](#) om handsaming av landbruksvegar.

Bruk av overskotsmassar kan vere positivt både for vegbygging og forbetring av jordbruksareal. Kommunen må følgje dette opp både med løyve i forkant og kontroll i etterkant.

I saker om nydyrkning skal Statsforvaltaren ha høve til å uttale seg i saker som berører vesentlege natur- eller kulturverdiar.

Du finn meir informasjon på desse lenkene:

- [Landbruksvegar](#)
- [Nydyrkning](#)
- [Bakkeplanering](#)



## 12. Jordvern

Stortinget har vedteke ambisiøse mål for å redusere omdisponering av dyrka jord frå maksimalt 4000 ned til 3000 dekar per år. Dette er ein nedgang frå 340 dekar til 255 dekar per år for heile Vestland fylke. Kommunane sitt arbeid med plansaker og enkeltsaker etter jordlova er svært viktig i denne samanheng.

Til dette trengst det god kunnskap om dei arealressursane som finst i kommunen, kva kvalitet jorda har og eventuelt også kva alternative areal og løysingar som finst for utbygging m.m. Eit verkemiddel her er å lage ein tematisk plan for *kjerneområde landbruk* der ein plukker ut dei mest verdifulle areala for landbruksproduksjon og kulturlandskap, som deretter vert brukt i den kommunale arealforvaltninga. Det er viktig at kommunen bruker sine eigne fagfok på landbruk i samband med kommunale arealplanar. Kommunen skal rapportere det årelege omfanget av omdisponering via KOSTRA.

## 13. Vedlikehald av kartgrunnlaget – gardskart AR5

Dette er ei oppgåve som bør utførast i samarbeid med andre med kartoppgåver i kommunen. Kartgrunnlag med innteikna grenser for til dømes fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite, og med andre oppdaterte eigedomsopplysningar, er svært viktig for forvaltning av både støtteordningar og arealregelverk i landbruket. Kommunen skal halde desse karta med landbruksregister ved like. Viss det ikkje skjer må t.d. enkeltsøknadar om produksjonstilskot i praksis handterast manuelt, til mykje ekstraarbeid og auka feilmargin for både gardbrukar, kommune og Statsforvaltaren. Slike gode kart er også til stor hjelp i andre type saker i kommunen, til dømes plan- og bygg og viltforvaltning.

[Avtale om kommunen sitt ansvar for vedlikehald av kartgrunnlaget](#)

## 14. Oppfølging og kontroll for å sikre rett tilskotsforvaltning

For å sikre rett sakhandsaming skal kommunen ha etablert system for internkontroll med rutinar og tiltak som skal førebygge, avdekke og korrigere feil og manglar. For å sikre rett forvaltning er vi avhengig av eit godt samarbeid mellom kommune og Statsforvaltar, og at kommunen set av tilstrekkeleg med ressursar til arbeidet. Gjennom den statlege rammeløyvinga har kvart kommune fått ein sum som skal dekke kostnaden kommunen har med forvaltninga av saker som er heimla i jordlova og skogbrukslova.

På landbruksområdet skal Statsforvaltaren i Vestland kvart år gjennomføre forvaltningskontroll av minst ni kommunar. Dei kommunane som vert trekte ut vil få nærmare varsel om dette.

## 15. Statsforvaltaren si rolle

Statsforvaltaren har fleire ulike roller innan landbruk i forhold til kommunane:

- Vi handsamar klager på dei fleste landbrukssakene der kommunane fattar enkeltvedtak
- Vi skal drive forvaltningskontroll med kommunane sin praksis



- Vi skal vere eit kompetansesenter på forvaltning og rådgje kommunane om oppgåvane innan landbruk, både regelforståing, praksis og saksgang.

Vi skal tilby kommunane opplæring, både korte kurs i ulike regionar i fylket eller på nettet, og større arrangement. Også i 2023 tek vi sikte på å arrangere ei fellessamling i september over to dagar for kommunane innan landbruk og tilgrensande tema. Vi kjem også til å satse på korte webinar med ulike fagtema. Kom gjerne med forslag til tema på desse møta og samlingane.

## **16. Rapportering underveis og omfordeling av midlar**

Vi kjem i 2023 til å følge med på forbruket underveis i året. Det er ei klar forventning om at midlane skal kome i aktiv drift så snart som det er fagleg forsvarleg. Det kan vere aktuelt med omfordeling mellom kommunar gjennom året dersom vi ser at midlane ikkje vert brukte i enkelte kommunar, medan andre har for lite midlar.

Vi har som tidlegare ei årsrapportering per 1. november for desse ordningane:

- SMIL
- Drenering
- Utvalde kulturlandskap i jordbruket
- Tiltak i beiteområde
- Skogkultur
- Skogsvegar

I samband med at vi ber Landbruksdirektoratet om ny årsramme treng vi informasjon om forbruk i 2023 og trong for midlar i 2024. Her treng vi informasjon om:

- Løyving per 1.11 i fagsystemet
- Løyving som vil bli gjort før 15.12 i fagsystemet
- Restmidlar 2023 som kan omfordelast til andre kommunar
- Trong for midlar i 2024

Statsforvaltaren vil sende ut nærmere informasjon om rapporteringa i god tid i forkant av fristen.

Til slutt viser vi til [nettsida vår](#) med meir informasjon om landbruksoppgåvane, og også til [Landbruksdirektoratet](#) si nettside.

Med helsing

Christian Rekkedal  
landbruksdirektør

Bjørn Harald Haugsvær  
ass. landbruksdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

1 Tildeling av fagmidlar til kommunane 2023



Kopi til:

Landbruksdirektoratet

Postboks 56

7701

STEINKJER

## Mottakerliste:

Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Lærdal kommune	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Osterøy kommune	Postboks 1	5293	LONEVÅG
Vaksdal kommune	Konsul Jebsensgata 16	5722	DALEKVAM
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Kvam herad	Grovagelet 16	5600	NORHEIMSUND
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE